

Farlig politikk

Norsk landbrukspolitikk er farlig, livsfarlig. Sviktende sjølberging gir økt import. Nå også av både svinekjøtt og storfekjøtt, med salmonella. Med «tomme» reguleringslagre, etter hvert for alle kjøttslag, øker faren for salmonellaimport til norsk forbrukere.

Et overordna problem er sjølsagt dårlig landbrukspolitikk som ikke kan sikre det som i festtaler er så viktig, å levere mer norsk mat til norske forbrukere. Så langt har 22 mennesker blitt sjuke, ti endte på sjukehus, som følge av import av kjøtt fra Tyskland.

En stadig økende del av norsk forbrukere ønsker norsk kjøtt for å være sikre. Dessverre er kravene til opprinnelsesmerking av matvarer for svakt.

Når norske selskap som man skulle forvente leverte norsk kjøtt fyller norske butikkyller med importkjøtt så er problemet alvorlig. På toppen av det hele er det noen som gjerne smykker etikettene sine med norske flagg, eller i hvert fall rødt, hvitt og blått. Da blir det vanskelig for forbrukerne.

Hovedproblemet er sviktende norsk sjølforsyning. Mens vi håper på at jordbruket skal få gjennomslag for økt norsk produksjon på norske ressurser i forhandlingene med staten må i hvert fall myndighetene sørge for at importkjøttet merkes tydelig. Det kan stå om liv.

Leonid Rødsten

Bonde og Småbruker

Skagaveien 69
8820 Dønna

Redaktør

Leonid Rødsten
leonid@smabrukarlaget.no
Tlf 48253700

Abonnement/adresseendring:

medlem@smabrukarlaget.no
Telefon: 22 00 59 10
Abonnement: 300,- pr. år

Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS)

Akersgata 41, 0158 Oslo
Tlf 22 00 59 10
www.smabrukarlaget.no
post@smabrukarlaget.no

Grafisk produksjon

Bonde og Småbruker

Annonser

HS Media, v/Mette Lindberg
mette.lindberg@hsmmedia.no
Tlf: 62 94 10 31

Trykk

Agderposten Trykk

Opplag 7 625 eks.
(70 000 ved landsnummer
to ganger per år)
10 utgaver i året

Regionalt miljøprogram - Hardangersaumen i jordbruket og kulturlandskapa

Då Listhaug var landbruksminister, innførte ho grep som pregar norsk jordbruk i ettertid. Bønderne skal springe fortare, produsere meir, og satsingsvilje skal lønast. Og alt skal forenklast.

Vi fekk ei strukturassjonalisering. Større gardsbruk, men færre. Målet var likevel auka produksjon.

Vi fekk meir kjøt og mjølk enn vi hadde bruk for, og prisen på varene bøndene leverer, gjekk ned.

På vestlandet har vi mange små gardar som er arbeidskrevjande på grunn av bratte bakkar, mykje stein og ofte mykje regn. Arbeid og tidsbruk står ikkje i forhold til inntektene. At ein tok vekk ordningar som styrka dei mindre bruka og endra det til at støtte vart utbetalt i forhold til storleik og tal dyr, gjekk ut over økonomien på mange vestlandsbruk. Forenklingane tok vekk verkemidla ein hadde for gjere at det skulle løne seg å drive slike bruk.

Eit heiderleg unntak stod att. Regionalt miljøprogram som fylka bestemmer over. Medan andre tilskotsordningar er knytte til produksjon, er RMP hardangersaumen som bind jordbruk, kultur, landskap og miljø saman med små sting. Det dannar ei viktig ramme for økonomiske tilskot som byggjer på driftsform, naturgrunnlag og kulturhistorie i dei ulike delane av landet vårt. Her er midlar til skjøtsel av truga naturtypar og automatisk freda kulturminne. Arbeid som ikkje aukar inntekta til bøndene som eig det, men som er viktige for samfunnet. Dei fortel ei historie om livberging, og om korleis drift med respekt for ressursane har vore med å utvikle kulturlandskapet.



Eli Berge Ness, politisk nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag

For Vestland har tilskotet til bratt areal vore særleg viktig. Det er arbeidskrevjande å hauste slike areal. Det er ikkje kvart år ein kan våge seg i bakkane med traktor. Er det mykje nedbør, blir det risikabelt å køyre der. Utan tilskot for

ekstraarbeidet ein gjer, vil mange velje vekk slik drift. Ein får ikkje ekstra inntekt på verken mjølk eller kjøt med å legge arbeid i tungdrivne areal.

RMP er eit klapp på skuldra til dei som vidarefører tradisjonar og spelar på lag med klima og miljø. Slåtteeng og beitebruk gjev livsgrunnlag for raudlista artar.

Turistnæringa som er viktig i mange distriktskommunar, kan vise fram velstelte bygder med særprega landskap og natur. Dette blir meir og meir attraktivt. Organisert beitebruk ligg inne i RMP. Midlar til å styrke beitelag og setje i verk fellestiltak for å få beitedyr til fjells og gjer at meir område kan nyttast til beiting. Dette er i tråd med politiske mål om at ein skal produsere meir mat på norske ressursar og prioritere beiting. RMP er betaling for ekstra arbeid som bonden utfører. Arbeid lagt ned i verdier, for kulturhistoria, miljøet og samfunnet ellers. RMP er ei ordning som finansierer arbeid bønder gjer som ikkje viser att i driftsrekneskapan. Det er betaling for dei mange små stinga som utgjer ein viktig heilskap i eit samla bilete. Statsforvaltarane og faglagane har utarbeidd gode planar for bruk av RMP-midlar i dei enkelte fylka. For Vestland har dette fungert som ei motvekt til grepa Listhaug gjorde.

No skal ein sjå nærare på fordelingsnøkkel for RMP. Landbruksdirektoratet

går inn for at den bør utformast slik at den gjev ei fordeling mellom fylka som gjev størst mogeleg samla miljø- og klimaeffekt. Dei vil at fordelingsnøkkelen tek utgangspunkt i aktiviteten og areala knytt til jordbruksdrift. Det er ei sentralisering av midlar. Ein flyttar midlar frå område der ein har teke vare på miljøgode i samspel med klima og miljø over til å bruke dei til å reparere ein feilslått jordbrukspolitikk som premierer intensiv drift.

I framlegget er det lagt opp til lik fordeling mellom miljøgoder og forureining. Dette vil slå dramatisk ut for Vestland.

Landbruksdirektoratet legg opp til at ein skal fordele midlane ut frå kva som er lett å telje. Til fleire dyr det er i eit område, til meir pengar skal dei få. Til meir jordbruksareal som er i drift, til meir pengar skal dei få. Utmark vil dei ikkje telje med, ikkje innmarksbeite heller. Berre det ein kan telje. Vi får eit fattig samfunn om berre det som kan teljast skal ha verdi.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag ser det som viktig at ein har med seg historien som låg til grunn då ein innførte dei regionale miljøprogramma. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner det er feil utvikling å sentralisere desse midlane og la dei følge same mønsteret som vi har sett med premiering områda med store bruk, lettstelt jord og mykje dyr. Dette står i kontrast til mål om auka sjølvforsyning, beitebruk og jordbruk i heile landet. Det er ikkje lett å forenkla ein hardangersaum utan at det går ut over kvaliteten. Ei slik forenkling kan fort føre til at det ikkje lenger er eit verdifullt arbeid, men at det misser verdien sin. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meiner ein har gløymt mange viktige moment som til no har vore med i tildeling til fylka. Forenklinga gjer at det blir lettare for byråkratane å rekne, men kva misser vi?

Geitehaldet bør framleis vera ei småskala bygdenæring og ikkje utviklast til industri!

REPLIKK

Av Marie Veslestaul, Gunnar Haugo, Bjørgulv Kvåmme, Jon Olav Hauge (geitehaldarar) Vest-Telemark Bonde- og småbrukarlag

I 2019 var det 294 føretak med mjølkekvote som dreiv geitemjølkeproduksjon i landet vårt. Desse gardane disponerte ei grunnkvote på om lag 23,3 mill. liter. Går me ti år tilbake i tid var talet på geitemjølkeprodusentar 508, og for tjuge år sidan var talet 888. Samstundes heiter det framleis på www.tine.no -Trenden over hele verden tilsier at geita er i siget.

Ei vidareføring av nedleggingstakten vil utarme geitehaldet i mange utkantbygder. Konsekvensen er mindre verdiskaping, dårlegare utnytting av lokale fornybare ressursar og redusert pleie av kulturlandskapet.

Framleis har alle mjølkeføretak, også geit, eit kvotetak på 900.000 liter, etter det famøse frisleppet frå statsråd List-

haug si tid. Ein har dermed lagt opp til eit regime som gjer at ein faktisk kan fylle det totale volumet på geitemjølke i landet vårt med produksjon frå omlag 25 gardar! Dette bryt fullstendig med landbrukspolitiske mål vedtekne i Stortinget.

Det bør difor snarast innførast eit maks kvotetak som i langt større grad harmonerer med geitehaldet slik det er i dag.

Me krev at det blir innført eit kvotetak på maks 150 000 liter. Avvikling av kvoteleige bør utgreiast og bli tema i jordbrukstingane. Me håpar at Norges Bondelag, Norsk Sau og Geit og landbruksministeren fylgjer opp i same lei.

Verkemidla i landbrukspolitikken bør endrast slik at det blir meir lønsamt å utnytte gras og beite i produksjonen også på tungdrivne areal. Det må vera fundamentet for eit berekraftig geitehald.

Det er også slik at utnyttinga av den kvalitetsmessig svært gode geitemjølka i dag er altfor liten. Tal varer som er å finne i butikkyllene kunne vore langt større. Me minner om at produkt som t.d. smør, yoghurt og ikkje minst salatost kan lagast på geitemjølke, og bli heilt unike. At produksjonen av Balsfjordost no ser ut til å opphøyre er trist. Det trengs eit felles lyft for å berge geitehaldet i Noreg. Eit effektivt importvern er ein av føresetnadene for dette.